

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148  
0033 Oslo

*Dato: 19.03.2015*

## **Klage på NVE sitt avslag for bygging av Mundalselvi kraftverk**

Vi syner til NVE sitt brev av 27.02.2015 med avslag til bygging av Mundalselvi kraftverk og vil med dette klage på vedtaket.

Etter vår oppfatning har ikkje NVE i tilstrekkeleg grad vurdert alternative løysingar eller meir omfattande avbøtande tiltak som vilkår i samband med utbygging av kraftverket.

Saman med grunneigarane, som er svært skuffa over NVE sitt vedtak, vil Sognekraft fremja ei alternativ løysing med meir omfattande avbøtande tiltak. Dette gjeld utbygging utan overføring av vatn frå Botnagrovi, noko som vil auke restvassføringa frå om lag kote 160, betra tilhøva for auren og forbetre landskapsopplevinga. I rapporten «Samla vurdering av småkraftutbygging i Fjærland» utført av Luster Energiverk AS på oppdrag frå Sogndal kommune er Botnagrovi vurdert til -1 medan Mundalselvi er vurdert til 2. Til samanlikning er dei prosjekta som har fått konsesjon vurdert som følger i samlerrapporten: Tverrdalselvi 3, Bøyaelvi 2 og Botna 0.

Ein vil også fremja løysinga med alternativ kraftstasjonsplassering på kote 115 i staden for kote 93. Dette vil medføre at om lag 550 m kortare elvestrekning vert påverka av utbygginga, noko som vil betra tilhøva for auren og forbetre landskapsopplevinga.

I sum vil desse 2 tiltaka redusere lengda på røyrgata med 58 %, frå om lag 2.500 m til 1.050 m. Redusert inngrep i naturen i form av vesentleg kortare røyrgate, vil også påverke landskapsopplevinga positivt i høve til opphavleg utbyggingsplan. Årleg middelproduksjon vert redusert frå 15,8 GWh til 13,2 GWh.

Dersom dette framleis ikkje er tilfredsstillande i høve til landskapsopplevinga, kan kraftlinja leggjast som jordkabel deler av dalen langs eksisterande veg.

Med helsing  
**Sognekraft AS**

  
Jacob Hornnes